

Fersk pensjonist med friidretts-comeback.

25.04.2014



Årstein studerer løypekart og legg opp taktikken før start. Her får han gode råd av to garva karar: Harald Sunde og Pål Haugland.

Kvinnheradskarusellen i terrengløp er eit svært positivt tiltak. Det skaper mykje god aktivitet og aldersspennet er stort. Mange unge deltar i sine første konkurransar, men vi finn og dei som gjer comeback etter mange års pause frå konkurransar. Til siste gruppe hører Sundebu, og utflytta uskedeling, Årstein Eik.

Mange hugsar nok Årstein som ein svært så lovande fri-idrettsutøvar rundt 1970. Den gangen var fri-idrettsmiljøet i Sunnhordland langt større enn no, og Årstein var saman med kameraten Åge Magne Nerhus blant dei aller mest lovande sprinterane i regionen.

Duoen sikra seg fleire Sunnhordlandsmeisterskap. I tillegg til sprint gjorde dei det godt i lengde og tresteg. Årstein kan mellom anna vise til personlege rekordar som 11,3 på 100 meter og 6,53 i lengde. Torsdag sprang han noko lengre, nemleg 2600 meter. Likevel var både stil og steg intakt då den tidlegare sprintaren kom mot mål i flott driv.

Åge Magne Nerhus gjorde det faktisk så godt at han var teken ut til landslagssamling før han avslutta toppsatsinga i ung alder. Kanskje vi får sjå han og i eit seinare løp?



Årstein mot mål i flott driv.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.